



Stian Haugland og Tore Ove Haugland i Haugland Mjølke og Maskin investerer for 10,5 mill. kr. i ny driftsbygning med robot og automatisk foring.

**Haugland Mjølke og Maskin DA investerer 10, 5 millionar kroner i ny driftsbygning med robot og automatisk foring. Eigarane er Stian Haugland og Tor Ove Haugland. Dei er brør og eig 50 % kvar i det nye driftsselskapet. Den nye driftsbygningen på totalt 980 rutemeter med plass til 43 kyr gjer at mjøkekvoten aukar frå no 145 000 liter til 278 000 liter. I tillegg er det plass til kviger, stutar og kalvar.**


Det er Ola Haugland i Felleskjøpet Rogaland Agder som har teikna det nye bygget, fasadar og innredning. Mjølkeanlegget vert levert av DeLaval. Foringsanlegget kjem frå TKS. Anlegget er laga for å levera grovfor og kraftfor til alle dyra, også kalvar og ungdyr. Det vert forblandar og skinnegåande distribusjonsvogn. Driftsbygningen med alt utstyr skal vera klar til bruk kring juletider.

Stian og Tor Ove fortel til Uskedalen.no at dei har frå juni rive den gamle låven og løa frå 1948 i tillegg til alt grunnarbeid med planering. Alt skal vera klart for forskaling og montering av betongelement frå 3. august. Entreprenøren har namnet Grude Bygg og kjem frå Klepp på Jæren. Osnes Forskaling er også med på arbeidet. Betongelementa har ei høgde på 3 meter. Floren er isolert. Det er stålsperre. Taket er laga av sandwich og er isolert og brannsikkert.



3D skisse som syner innredning og interiør.

Løa på Haugland vart utvida i 1948 med ny låve og høytuft. Det var i oldefaren, Andreas T. Haugland, si tid. Sonen hans, Trygve Haugland, tok over drifta i 1960. Neste byggestag kom i 1993. Då vart deler av løa riven og det kom ny flor. I 2002 vart det bygd nytt, den gongen flor godkjend for lausdrift. Siste utbygging kjem så i 2020 der rett nok noko av den eksisterande bygningmassen skal brukast vidare. Foreldra Edith og Arne Johannes har drive bruket fram til sønene har overteke og held fram drifta.



Ola Haugland i Felleskjøpet Rogaland Agder har levert teikningane. Her fasaden som syner storleik og eksteriør.

Ny driftsbygning med robot og automatisk foring vil letta arbeidet mykje. Det er truleg nok med utkøyring av møk to gonger i året. Rett og effektiv foring fører til langt betre mjølkning og ny innredning med mellom anna liggematter/ puter resulterer i betre dyrevelferd.

I finansieringsplanen er det rekna inn støtte frå Inovasjon Norge på 2 mill. kr. Eigeninnsatsen med riving, utgraving, planering og klargering for bygging er sett til 1,2 mill.kr.

Haugland Mjølke og Maskin si utbygging er, så langt vi veit, den største investeringa som nokon gong er gjort i landbruket i Uskedalen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Illustrasjonsfoto/ Kristian Bringedal